Endringsforslag til vedtekter fra landsstyret i Rødt:

Erstatte punkt 4–5 I § 8 med to nye punkt:

4. Landsmøtet består av 230 delegatar.

5. Fylkeslag får tildelt delegatar proporsjonalt etter medlemstalet i fylket, men ingen fylkeslag skal få mindre enn 7 eller meir enn 30 delegatar. I fylke som er delt inn i fylkesdelslag er det fylkesdelslaga som inngår i fordelinga og får tildelt delegatar.

Endre punkt 6 i §8 til

6. Raud Ungdom skal ha 10 av delegatane.

Erstatte punkt 7 i § 8 med tre nye punkt (og forskyve nummereringa av punkta etter):

1. Lokallaga nominerer delegatar blant medlemene sine, i tråd med § 13, og slik at minst éin av dei nominerte er ei kvinne. Fylkesstyret kan gje dispensasjon etter § 13.2. To eller fleire lokallag kan gå saman om å nominere delegatar. Nominasjonen skal skje med alminneleg fleirtal på medlemsmøte, der datoen er varsla minst tre veker før.
2. Fylkeslaget/fylkesdelslaget vel delegatar og varadelegatar blant dei nominerte ut frå omsyn til medlemstal, geografisk fordeling, kjønnsfordeling og annan representasjon etter § 13. Valet skal skje med alminneleg fleirtal på årsmøte eller delegatmøte der datoen er varsla minst tre veker før.
3. Landsstyret set fristane for nominasjonar og delegatval.

Tilleggsforslag i § 13.1 for å inkludere nominasjon av delegatar:

§13.1. I alle organ innanfor Raudt, ved val eller nominasjon av delegatar og ved nominasjon til Raudt sine vallister skal det vere minst like mange kvinner som menn. For å sikre kvinner høgt opp på lister, bør minst annankvar kandidat vere kvinne.